

2010

RIS



Møre og Romsdal
fylkeskommune

SAMFUNNSTREKK I MØRE OG ROMSDAL

I magasinet : **ARBEIDSKRAFT**
FOLKETALSUTVIKLING
BARN
HELSE I PLAN
UNGDOM
LIKESTILLING
STRANDSONE

Innhald

	side
<i>Arbeidskraft</i> : Kampen om kompetansen	3
<i>Folketalsutvikling</i> : Frå eigenproduksjon til import	6
<i>Barn</i> : Færre barn – ei utfordring for busettingsutviklinga	8
<i>Helse i plan</i> : Kan god helse planleggjast?	10
<i>Ungdom</i> : Invester i ungdommen!	12
<i>Likestilling</i> : Likestilling, utfordringer og muligheter?	14
<i>Strandsoner</i> : 100 meter og andre strandsonetal	17

RISS

1. opplag juni 2010

Utgivar:

Møre og Romsdal fylkeskommune, plan- og analyseavdelinga
i samarbeid med Møreforskning

www.mrfylke.no

Ansvarleg redaktør:

Fylkesplansjef Ole Helge Haugen

Prosjektleder:

Rådgivar Trygve Grydeland

Lay out og pretrykk:

Møre og Romsdal fylkeskommune, informasjonsseksjonen

Trykking: 750 eks. EKH - 06 2010



Velkommen til RISS



Du sit no med første årgang av RISS, ein ny publikasjon frå Møre og Romsdal fylkeskommune i samarbeid med Møreforskning. Ideen bak RISS er at vi gjennom fagartiklar skal belyse tema med betydning for samfunnsutviklinga i fylket vårt. RISS skal utfylle konjunkturbarometeret TEMP, der fokus er på næringsliv og arbeidsmarknad, og utdjupe FYLKESTATISTIKK der tal og statistikk står i sentrum.

Målet med RISS er å vere med å sette dagsorden i samfunnsdebatten. Viljen og lysten til å vere med å påverke samfunnsutviklinga er kanskje større og breiare enn vi har trudd. Det engasjementet og den breie medverknaden i "foresight-prosessane" som går i fylket viser nettopp dette.

Vi har ikkje svara på alle utfordringar og mulegheiter i fylket, mange av dei tema som vert drøfta må få ei politisk behandling, vårt bidrag er fakta- og kunnskapsbaserte artiklar på tema vi meiner er viktige. I mange fagmiljø i fylket ligg det viktig kunnskap om samfunnet vårt, RISS er meint som ein formidlingskanal for denne kunnskapen. Det er her vi skil oss frå Nils-Arne Eggen som skal vere sitert på følgjande: "Det e itjnå som meir æffektivt dræp en god debatt einn fakta".

No vil sikkert enkelte meine at det er andre tema som er like viktige som dei som vert drøfta i årets utgåve av RISS. Slike innspel ønskjer vi velkomen, og vil ta dei med oss i arbeidet med neste års utgåve. Då vonar vi og å få med andre fagmiljø i arbeidet slik at vi får endå fleire tema å velje mellom.

Artiklane i RISS er bygd på eit større materiale frå undersøkingar, forskingsarbeid, kartleggingar og anna fagleg arbeid. Ønskjer du å trengje djupare ned i dei ulike tema, finn du dei på nettsida til Møre og Romsdal fylkeskommune og/eller Møreforskning. Kontaktinformasjon til forfattarane finn du i tilknytning til den enkelte artikkel, om du skulle ønskje å kome med innspel eller drøfte innhaldet.

Eg håpar RISS kan gi nyttige innspel i samfunnsdebatten, at den kan gje kunnskap og innsikt, engasjere og kanskje òg provosere og irritere, kort sagt at det blir ei "blekke" som blir brukt, og dermed er eit lite bidrag til utviklinga av samfunnet Møre og Romsdal.

Fylkesplansjef Ole Helge Haugen

Kampen om kompetansen



Finn Ove Båtevik og Geir Tangen, Møreforsking Volda

Behovet for arbeidskraft er i endring. Dei store etterkrigskulla er på veg ut. Når desse skal erstattast, blir kampen om kompetansen skjerpa. Dette gir store utfordringar for bedriftene i Møre og Romsdal, både i privat og offentlig sektor. Vi har eit næringsliv som tradisjonelt har rekruttert lite høgt utdanna arbeidskraft. I tillegg har mange av dei som tilhører dei nye utdanningsgenerasjonane reist frå fylket dei siste tiåra, utan at ein har greidd å erstatte desse gjennom innflytting. Kva veit vi om behova framover? Har vi mange nok ungdomar til å fylle dei behova dei ulike næringane i Møre og Romsdal har? Og, greier bedriftene og lokalsamfunna å stå fram som attraktive når ein skal konkurrere om høgt utdanna arbeidskraft både på nasjonalt og internasjonalt nivå?

Bedriftene i Møre og Romsdal rekrutterer i stor grad arbeidskraft frå eigen kommune, nabokommunane og frå eige fylke. Det er nærliggande å sjå rekrutteringa som ei form for geografisk innavl, der både private og offentlege bedrifter først og fremst hentar arbeidskrafta frå eigne lokalsamfunn og eige fylke. Ei undersøking blant 105 bedrifter i Møre og Romsdal gjennomført av Møreforsking Volda viser dette. Dersom slik rekruttering er eit uttrykk for at næringslivet i fylket blir opplevd som attraktivt for dei som har vakse opp her, har dette absolutt ei positiv side. Om det er uttrykk for at ein ikkje er attraktive for dei som kjem utanfrå, representerer det derimot ei utfordring. Det gjeld ikkje minst når vi vender blikket framover.

Mange av dei 105 bedriftene gir nem-

leg uttrykk for at innslaget av arbeidskraft som går av med alderspensjon er så stort at det i stor grad kjem til å sette preg på rekrutteringsbehovet deira det næraste tiåret. I underkant kvar tredje bedrift i privat sektor og over to av tre bedrifter i offentlig sektor opplever det slik. Samtidig veit vi at dei kulla som no er på veg ut av arbeidsstyrken tilhører dei store etterkrigskulla. Fram til 1970 talde dei aller fleste fødeselskulla i Møre og Romsdal meir enn 4.000 barn årleg. Kulla som skal erstatte dei 60-åringane som i åra som kjem er på veg ut av arbeidsstyrken, er monaleg mindre. På 1990-talet var det til dømes fødd om lag 1.000 færre barn per år enn på 1950-talet. Berre i to av åra etter tusenårsskiftet har det vore fødd meir enn 3.000 barn i Møre og Romsdal. Vi går såleis inn i ein lang periode der dei skal ut av

Steinar Nistad har han hatt ansvaret for å bygge opp bachelorstudiet ved Høgskolen i Ålesund. Her saman med ein student.

Foto: Harald R. Espeland



Kom Trainee er eit samarbeid mellom bedrifter på Nordmøre, primært private, men også offentlege. Dei som blir rekrutterte i ordninga får eit toårig engasjement som trainee, der ein får prøve ut ulike arbeidsoppgåver ved tre ulike arbeidsplassar. På nettsidene blir ordninga marknadsført på følgjande måte: "Kristiansundsregionen er inne i en periode med enorm vekst! Kom Trainee eies av 19 bedrifter som alle tenker nytt og innovativt når de skal ta i bruk ny kompetanse. Nettverket representerer bredden av regionens næringsliv – olje og gass, marin sektor, offentlig forvaltning, helsesektoren, finans, media, forskning og utvikling samt analysevirksomhet."
<http://www.komtrainee.no/>



Rauma kommune og Rauma Næringslag har etablert utviklingsskapet Nordveggen AS, der rekruttering og merkevarebygging og omdømmebygging er to sentrale tema. På nettsidene blir ordninga marknadsført på følgjande måte: "Nordveggen AS ønsker gjennom merkevareprosjektet å bidra til å utvikle og omdømmebygge Rauma som verdens beste kommune for naturglade mennesker. Dette for at Rauma-samfunnet skal stå sterkere i kampen om arbeidskraft, kompetanse og en videre positiv folketallsutvikling."
<http://www.nordveggen.no/>

arbeidsmarknaden er langt fleire enn dei som kjem inn.

Få akademikarar men eit kunnskapsbasert næringsliv

Produksjonsnæringslivet er viktige i Møre og Romsdal. Fylket har eit næringsliv med mange arbeidsplassar i slike næringer, anten det er snakk om bønder og fiskarar, industriarbeidarar eller handverkarar. Industrien er samtidig kjent for å ha eit høgt teknologisk nivå. Utdanningsnivået i fylket er derimot ikkje spesielt høgt. Møre og Romsdal er det fylket der tett-

heita av akademikarar er minst i heile landet. Medan 12,9 prosent av befolkninga i landet arbeidde i akademiske yrke i 2008, det vil seie yrke som siviløkonomar, sivilingeniørar, forskarar, juristar og mange fleire, var det berre 8,2 prosent av befolkninga i Møre og Romsdal som henta levebrødet sitt i slike yrke. I tillegg har Møre og Romsdal færre enn landsgjennomsnittet i såkalla høgskuleyrke, det vil seie i yrke som til dømes lærarar, sjukepleiarar og ingeniørar. Fylket har kort og godt få kompetansearbeidsplassar. Møre og Romsdal treng ein kraftig vekst i

arbeidskraft blant høgutdanningsgruppene, berre for å kome opp på landsgjennomsnittet.

Det handlar om kompetanse

Studien av dei 105 bedriftene i fylket, gav tydelege signal med tanke på behovet for rekruttering av arbeidskraft med høgskule- og universitetsutdanningar vil kome for fullt i åra som kjem. Dette gjeld både i offentlig og privat sektor.

Det er offentlig sektor som tradisjonelt har rekruttert flest med høgare utdanningar. Om vi ser på dei åtte sektorane som er representerte blant bedriftene som blei intervjuhausten 2009, er forskjellane mellom privat og offentlig sektor likevel relativt små. Av dei bedriftene som gav tilbakemelding om eige arbeidskraftsbehov, er det eigentleg berre bedrifter i hotell- og restaurantnæringslivet som skil seg ut med klart mindre behov for høgskule- og universitetsutdanna arbeidskraft enn dei andre næringane. Sjølv om det er dei vidaregåande skulane og høgskulane som i størst grad ser behovet for nyrekruttering av personar med høgskule- og universitetsutdanningar, er innslaget av industribedrifter som har stort behov for nyrekruttering av slik arbeidskraft også monaleg. Skiljet mellom offentlig og privat sektor er først og fremst knytt til at behovet for akademikarar er størst blant dei første bedriftene. Når det er sagt, gir likevel meir eller halvdel av bedriftene i privat sektor uttrykk for at dei i stor eller nokon grad har behov for nyrekruttering av akademikarar det komande tiåret.

Samtidig gir mange av dei same bedriftene uttrykk for at dei slit med å få

tak i slik arbeidskraft med utdanning på høgskule- og universitetsnivå. Dette gjeld til dømes leiarar, mellomleiarar, sivilingeniørar, siviløkonomar, spesialpedagogar og sjukepleiarar. Bedrifter i alle næringane opplever at det er vanskeleg å rekruttere leiarar. Med unntak av bedriftene i hotell- og restaurantnæringslivet gir rundt halvparten av bedriftene som har behov for akademikarar og profesjonsutøvarar, at det er vanskeleg å rekruttere slik arbeidskraft.

Bedriftene vart intervjuha då finanskrisa var relativt fersk. Trass dette, opplevde dei fleste bedriftene rekrutteringssituasjonen ikkje så ulik det den hadde vore dei føregåande fem åra eller endå til vanskelegare. Dette gjaldt særleg når dei skal rekruttere arbeidskraft med høgare utdanning. Når dei ser på utsiktene fem år fram i tid, trur mange av dei private bedriftene at situasjonen blir uendra (51 prosent av bedriftene svarar dette), medan få trur den blir vanskelegare (15 prosent). I offentlig sektor ventar derimot heile 51 prosent av bedriftene at det blir endå vanskelegare å rekruttere høgare utdanna arbeidskraft dei næraste åra, medan 39 prosent forventar at situasjonen vil halde fram å vere slik den er no.


Strategiar eller mangel på strategiar?

Sjølv om mange ser nyrekruttering av høgt utdanna arbeidskraft som ei særleg utfordring, er det også bedrifter som har opplevd at situasjonen har vorte lettare. For somme av desse er det generelle endringar på arbeidsmarknaden som har gjort utslaget. For andre er slike endringar meir uttrykk



Det er eit stort behov for høgskule- og universitet-utdanna arbeidskraft innanfor skule og utdanning. Foto: ScanStockPhoto

for ein medviten satsing for å bli meir attraktive i kampen om å rekruttere kompetansearbeidskraft. Medvite satsing på samarbeid med utdanningsinstitusjonar, bransjeorganisasjonar, utvikling av trainee-ordningar og medvite arbeid med bygging av om-dømme er eksempel som bedriftene sjølve trekkjer fram som vellukka. Utfordringane er likevel mange. Det er til dømes ikkje uvanleg at bedriftene, både i offentleg og privat sektor, slit med å tilby lønsvilkår som er konkurransedyktig når dei skal rekruttere arbeidskraft. Det er også slåande at mange av bedriftene i liten grad legg



meir langsiktige strategiar i arbeidet med å sikre tilgang til utanlandsk arbeidskraft til stillingar som krev høgskule- eller universitetsutdanningar. Dette trass i mange av bedriftene rekrutterer slik arbeidskraft. Den situasjonen bedriftene vil møte i åra som kjem, gjer det nærliggande å tenke seg at import av høgt utdanna arbeidskraft blir viktigare, anten vi hentar slik arbeidskraft frå andre delar av landet eller utlandet. Slik import krev strategiar for rekruttering.

Møreforskning gjennomførte hausten 2009 ein studie av arbeidskraftbehovet i Møre og Romsdal, på oppdrag frå Møre og Romsdal fylkeskommune og. I studien er 105 private og offentlege bedrifter intervjuet. Næringane energi, industri, hotell og restaurant, finans og forretningsmessig tenesteyting er representerte blant bedriftene i privat sektor. Kommunane, i dette tilfelle delt inn i helse og sosial som ein sektor, førskule og grunnskule som ein og kommunal administrasjon og anna kommunal verksemd som ein siste sektor, utgjer offentleg sektor saman med vidaregåande skular og høgskulane. Artikkelen byggjer primært på denne studien. I tillegg nyttar artikkelen data henta frå Statistisk sentralbyrå.



Finn Ove Båtevik Geir Tangen

Finn Ove Båtevik er dr.polit. i geografi og er forskar ved Møreforskning Volda. Han har ei årrekke arbeid med ulike forskings- og evalueringsoppgåver, både innanfor feltet samfunnsplanlegging og på velferdsforskningsfeltet. Dette inkluderer arbeid med problemstillingar knytte til småsamfunnsutvikling, utfordringar knytte til tilgang på kompetanse og arbeidskraft i distrikta, samt problemstillingar knytte til lokalt og regionalt utviklingsarbeid.

Geir Tangen er cand.polit. med hovudfag i samfunnsplanlegging/lokalsamfunnsforskning frå Universitetet i Tromsø og er forskar ved Møreforskning Volda. Han har tidlegare m.a. vore høgskulelektor ved Høgskulen i Volda og programkoordinator for NFR-programmet "Regional utvikling". Han arbeider hovudsakleg med forskingsprosjekt innanfor samfunnsplanlegging og regional utvikling.

Kontakt:
 FinnOve.Batevik@moreforsk.no og
 Geir.Tangen@moreforsk.no

Frå eigenproduksjon til import

Ole Helge Haugen

Føresetnadene for utvikling av folketalet i Møre og Romsdal har endra seg radikalt i løpet av berre to generasjonar. Fødselsoverskotet er meir enn halvert, men auka innflytting (frå utlandet), særleg dei siste åra, har ført til vekst i folketalet. Utan ein positiv flyttebalanse også i åra



framover vil vi sjå ein nedgang i arbeidsstyrken, og færre hender og hovud til å løyse oppgåver i offentleg sektor og til å sikre framleis vekst i privat næringsliv. Geografisk er utviklinga svært ulik, og det befolkningsmessige tyngdepunktet er flytta sør og vest i fylket dei siste 50 åra, gjennom sterkast vekst på Sunnmøre og langs kysten.

Vekst – frå fødselsoverskot til innvandring

På to generasjonar (50 år) er folketalsveksten i Møre og Romsdal 18,5 prosent, omlag det halve av landet. Sjølv med den største veksten på over 50 år i 2009, er trenden at veksten har blitt svakare for kvart tiår i perioden etter 2. verdskrigen. Veksten var størst dei to første tiåra av denne perioden, svak dei to neste tiåra, men har teke seg opp det siste tiåret. Medan veksten for heile sekstialet var nesten 20 prosent, er tilsvarende tal for siste tiår omlag 12 prosent.

Talet på fødslar i fylket er redusert med ein trededel dei siste 50 åra og talet på døde auka med nesten 20 prosent. Fødselsoverskotet siste tiåret er derfor berre ein fjerdedel av kva det var på sekstialet. Årsaka ligg først og fremst i at talet på kvinner i føde-dyktig alder har gått ned, noko som heng saman med flyttemønster i tidligare generasjonar. Talet på barn kvar kvinne får, fruktbarheit, viser lita endring. Fødselsoverskotet i fylket har dei seinare åra stabilisert seg rundt 5-600 per år, og framskrivingar viser at dette er om lag det nivået ein kan vente òg i komande år.

På to generasjonar (50 år) er folketalsveksten i Møre og Romsdal 18,5 prosent.

Frå 1960 til og med 2005 var det, med berre få unntak, negativ flyttebalanse i fylket, det vil sei det var fleire som flytta frå enn til fylket. Dei siste åra har vi derimot hatt ein positiv flyttebalanse, noko som toppa seg i 2009 då det var nesten 2 000 fleire som flytta til fylket enn som flytta ut. Det er auken i innflytting frå utlandet som er årsaka til dette. Talet på dei som flyttar frå fylket har ikkje endra seg radikalt på 50 år, og er no om lag som på syttitalet og noko lågare enn sekstialet. Tilflyttinga til fylket har derimot auka, og dei siste 10 åra var det nesten 54 000 som flytta til Møre og Romsdal, det høgste talet for ein tiårsperiode på over 50 år.

Sunnmøre, sentralisering, og kysten

Det er store skilnader i folketalsutviklinga sør og nord i fylket, kyst kontra innland og sentrale kontra perifere strok. Dei siste 50 åra har Sunnmøre hatt ei folketalsutvikling på høgde med landsgjennomsnittet, og hadde ved inngangen til 2010 om lag 133 000 av dei vel 250 000 innbyggjarane i fylket. For 50 år sidan var det færre innbyggjarar på Sunnmøre enn i resten av fylket. Lågare utflytting, men like høge fødselsoverskot frå sunnmøre på seksti- og syttitalet gav sterkare folketalsvekst der enn i resten av fylket. Dette medførte mindre tap av kvinner i fødedyktig alder, noko som i neste

generasjon har gitt mindre nedgang i fødselsoverskotet. Mens Sunnmøre på seksti- og syttitalet talet hadde om lag halve fødsleoverskotet i fylket, har dei det siste tiåret hatt nærare 90 prosent. Sentralisering er òg eit synleg trekk ved utviklinga i Møre og Romsdal tilliks med resten av landet. Frå 1960 til i dag har auken i innbyggartalet i byane vokse meir enn dobbelt så sterkt som i resten av fylket. I 1990 budde 58 prosent av befolkninga i tettbygde strok noko som har auka til 69 prosent i 2009, ein auke godt over landsgjennomsnittet.


Lik vekst - ulike årsaker

Den rekordhøge veksten på over 2 500 nye innbyggjarar i 2009 må vi tilbake til 1954 for å finne maken til. Sjølv om veksten i 1954 og 2010 er lik i tal, er den heilt ulik i årsak. I 1954 var heile veksten basert på fødselsoverskot. I 2009 utgjør tilflytting (frå utlandet), nesten to tredelar av veksten. Den positive utviklinga i flyttebalansen dei seinare år har si forklaring i ein kraftig vekst i tilflytting frå utlandet, alt vesentleg arbeidsinnvandring frå land som Polen, Latvia og Litauen.

Vekst eller nedgang mot 2030?

Alderssamansettinga i befolkninga i Møre og Romsdal gir oss to utfordringar framover; låge fødselsoverskot og forholdet mellom yrkesaktive og pensjonistar.

Om ein stengde grensene til Møre og Romsdal, og heldt fruktbarheita på dagens nivå (som er relativt høgt i nasjonal målestokk), ville vi få ein beskjeden auke i folketalet framover. Grunna alderssamansettinga i befolkninga ville ein likevel få ein nedgang i talet på yrkesaktive. Skulle Møre og



Romsdal framstå som lite attraktivt for unge kvinner, og vi får ein negativ flyttebalanse for denne gruppa, er negative fødselsoverskot nærliggande. Ein positiv flyttebalanse er derfor ein

føresetnad for å møte behovet for arbeidskraft i framtida.



Ole Helge Haugen

har mastergrad i offentlig administrasjon. Han er fylkesplansjef i Møre og Romsdal fylkeskommune med ansvar for statistikk, analyser og plansaker. Han har arbeid med samfunnsanalyser innan mellom anna demografi, arbeidsmarknad og næringsutvikling i ulike samanhengar.

Kontakt:

ole.helge.haugen@mr fylke.no

DEFINISJONAR:

Folketilvekst: Det er to måtar å berekne folketilvekst på;

- 1) summen av fødselsoverskot og netto-innflytting, eller
- 2) differensen av folkemengd 1. januar år n+1 minus folkemengd 1. oktober (eller 1. januar år n).

Fødselsoverskot: Fødde minus døde, òg kalla "naturleg folketilvekst". Fødselsoverskotet er ein funksjon av talet på kvinner i fødedyktig alder og fruktbarheit (kor mange born kvar kvinne får).

Flyttebalanse: Innflyttingar minus utflyttingar. Som flytting blir rekna flytting for ein person mellom to norske kommunar eller mellom ein norsk kommune og utlandet. Viss ein person flyttar fleire gonger innan same kalenderår, tel kvar gong som òg flytting.

Arbeidsstyrke: Summen av dei sysselsatte og dei arbeidsledige, dvs. personar som tilbyr si arbeidskraft i arbeidsmarknaden.

Yrkesdeltaking: Andelen av befolkninga i yrkesaktiv alder som deltek i yrkeslivet.

Tettstader: Ei samling hus der det bur minst 200 personar og avstanden mellom husa skal normalt ikkje overstige 50 meter. Tettstader er geografiske område som har ei dynamisk avgrensing, og antall tettstader og deira yttergrenser vil endre seg over tid, avhengig av byggeaktivitet og befolkningsutvikling.

Tettbygde strøk er dei områda som vert omfatta av tettstader, og spredtbygde strøk er alle område utanfor.

Færre barn – ei utfordring for busetjingsutviklinga

Heidi-Iren Wedlog Olsen

Trass befolkningsvekst, går talet på småbarn tilbake i Møre og Romsdal. Utviklinga dei siste 100 åra syner at folk i større grad flyttar frå land til by



enn omvendt. Dette påverkar kor barn blir født, utjamnar tidlegare skilnader i fertilitet mellom by og land og endrar dei grunnleggande føresetnadane for flyttestraumane og den framtidige busetjingsutviklinga.

Fleire tilhøve kan forklare den stadig aukande barnesentraliseringa. Frå byrjinga av 1970-talet gjekk fødselstala i Noreg ned. Særleg merkbart var dette i mange av dei områda som på førehand hadde dei høgaste fødselstala. Dette førte til mindre geografiske skilnader i høve til fertilitet i Norge. Denne utviklinga skaut fart frå 1980-talet. Frå då av har kvinner fått barna sine stadig seinare i livet. Dermed rekk stadig fleire kvinner å flytte inn til byen og meir sentrale strom, før dei får barn. Dei som i størst grad bidreg til dette er dei som tek utdanning og byrjar å arbeide i byane. Samtidig syner utviklinga at dei som flyttar til storbyane og får sist første barn der, oppheld seg stadig lengre i byen før dei flyttar ut. I tillegg er det ein aukande del av desse vidareflyttarane som busett seg i storbyområdet, noko som gjer at storbyregionane stadig utviklar seg (Sørli 2007).

Møre og Romsdal har i heile denne perioden hatt høge fødselstal, samanlikna med landet elles. Utfordringa i Møre og Romsdal har vore vedvarande høg nettoutflytting. Flyttetapet har vore størst i aldersgruppa 20-39 år. Flyttestraumane innanfor fylkesgrensa viser at dei har gått frå distrikta til

sentrum/byane, men dei har ikkje vore noko effektiv motvekt til flyttinga ut av fylket. Trass høg fertilitet og gode fødselstal vil sentraliseringa av den unge vaksenbefolkninga og det stadig aukande innslaget av unge vaksne i sentrale strom i Noreg utlikne effekten av høg fertilitet i Møre og Romsdal. Resultatet er mellom anna eit redusert innslag av småbarn (0-6 år) i befolkninga. I det følgjande skal vi sjå nærare på denne utviklinga på tre ulike måtar.

Auke i folketalet, men færre småbarn

Endringar gjennom perioden 1981-2010 syner ei auke i folketalet i Møre og Romsdal på 6,4 prosent. Til samanlikning var folketaletauken i Noreg på 18,7 prosent. I same periode vaks småbarnsbefolkninga med 4,1 prosent på landsbasis, medan talet på småbarn i befolkninga gjekk ned med 8,7 prosent i Møre og Romsdal. Medan Sunnmøre har hatt den sterkaste veksten i befolkninga og den minste nedgangen i talet på småbarn, viser utviklinga på Nordmøre både reduksjon i folketalet og i småbarnsbefolkninga i denne perioden. Sterkast prosentvis vekst i småbarnsbefolkninga finn vi i Ålesund, med 18,2 prosent.

Talet på småbarn (0 – 6 år) går tilbake i Møre og Romsdal. Dette er i samsvar med den generelle utviklinga i Norge, kor folk i større grad flyttar frå land til by enn omvendt. Foto: Heidi-Iren Wedlog Olsen

Færre småbarn i befolkninga, samanlikna med landet elles

Trass folketilveksten i Møre og Romsdal, kan det sjå ut til at fylket som distrikt tapar kampen om folket og barna. Det betyr ikkje nødvendigvis at delen av småbarn i befolkninga er lågare i Møre og Romsdal enn i landet elles. Det kan vi måle ved hjelp av ein indeks som gjer det mogleg å samanlikne innslaget av småbarn i befolkninga i Møre og Romsdal samanlikna med landsnivået (landsinnslaget for dei aktuelle åra er satt lik 100). Denne tilnærminga tek opp i seg at utviklinga i småbarnsbefolkninga også blir påverka av utviklinga i andre aldersgrupper: Om veksten i småbarnsgruppa er mindre enn veksten i folketalet totalt, går innslaget ned.

Nasjonalt har innslaget av småbarn auka både i storbyane og i omlandet til storbyane. Utviklinga i Møre og Romsdal dei siste 30 åra syner at innslaget av småbarn har gått ned i alle kommunane og at denne utviklinga har gått raskare frå 1990-talet. Unntaket

er Ålesund kor småbarnsinnslaget har halde seg tilnærma uendra dei siste 10-åra. Samtidig har fleire av kommunane i pendlingsområdet til byane Ålesund, Molde og Kristiansund eit noko høgare innslag av småbarn i befolkninga enn det byane har. For Ålesund gjeld dette særleg kommunane Giske, Sula og Skodje, for Molde-Fræna, Aukra, Midsund og Eide og for Kristiansund-Averøy. Frå desse kommunane er arbeidspendling til og frå byane stor.

Få utsikter til vekst i småbarnsbefolkninga

For å belyse utviklinga i småbarnsgruppa heilt uavhengig av andre grupper, kan vi nytte ei tredje tilnærming – demografisk vekstkraft, som vi måler som den relative skilnaden mellom ei gitt aldersgruppe i 2010 og 2003. Dette målet kan tolkast som ei forventning til vekst og fall. Når utviklinga i Møre og Romsdal syner ein nedgang på 3 prosent i småbarnsgruppa i 2010 samanlikna med 2003, så ligg det an til å bli 3 prosent færre skulebarn i alders-

gruppa 7-13 år i 2017. Føresetnaden er at tilveksten gjennom innanlandsk flytting og dødsfall blir den same i komande sju år, som i føregåande. Desse tala er ikkje spådomar, men i første rekke ei ramme for utvikling som må justerast i lys av det vi veit om flyttestraumar.

Nasjonalt ligg det an til ein vekst i 7-13 åringar på 2,7 prosent, for Møre og Romsdal – ein nedgang på 3,0 prosent. Årsakene til dette er ikkje berre redusert fruktbarheit dei siste 10-åra, men at årskulla for kvinner i fødeaktiv alder er redusert i høve til tidligare tiår. Utsiktene framover er noko ulik for dei tre regionane i fylket. Medan Nordmøre og Sunnmøre har utsikter til 6,2 og 2,6 prosent nedgang, er den tilsvarande utviklinga for Romsdal ein nedgang på 0,9 prosent i denne aldersgruppa. Kommunane med vekstpotensiale er i første rekke dei vi ovanfor har omtalt som omlandskommunar til byane, samt Ålesund.

Gjennomgangen viser at det frå 1981 til 2010 er det blitt færre småbarn i befolkninga i Møre og Romsdal. Lite tyder på at denne utviklinga vil endre seg, og moglegheitene er store for at vi i framtida vil sjå ei ytterlegare skeivfordeling i den demografiske samansettinga i fylket, både mellom kommunane i fylket og mellom Møre og Romsdal og dei meir sentrale strøka rundt storbyane i Noreg. Flytte- og busettingsmønsteret i befolkninga og endringar i fødselstala tyder på dette.



Heidi-Iren Wedlog Olsen er cand. polit. i statsvitenskap. Ho er fylkesplanleggjar i Møre og Romsdal fylkeskommune, og har arbeidsoppgåver innan regional planlegging, statistikk og analyser. Før ho starta i fylkeskommunen i 2005, var ho lektor ved Fagerlia vidaregåande skole og Høgskolen i Molde.

Kontakt:

heidi-iren.wedlog.olsen@mrfylke.no

Metoden som er nytta er basert på tilnærminga Kjetil Sørli nytta i sin artikkel "Barnesentraliseringen i Norge" i *Plan, tidsskrift for samfunnsplanlegging, byplan og regional utvikling* (5/2007).

	Relativ endring, folketalet 1981-2009	Relativ endring, barn 0-6 år 1981-2009	Innslaget av barn i alderen 0-6 år Landsinnslaget = 100. 1981	Innslaget av barn i alderen 0-6 år. Landsinnslaget = 100. 2010	Demografisk vekstkraft, fra 2010 til 2017. Aldersgruppa 7-13 år
Landet	18,7 %	4,1 %	100,0	100,0	2,7 %
Møre og Romsdal	6,4 %	-8,7 %	107,3	96,8	-3,0 %
Sunnmøre	12,0 %	-3,0 %	111,9	101,4	-2,6 %
Romsdal	5,7 %	-12,0 %	107,3	94,0	-0,9 %
Nordmøre	-4,2 %	-17,6 %	98,6	89,2	-6,2 %
Ålesund	24,1 %	18,2 %	102,6	102,8	1,8 %
Molde	18,6 %	0,2 %	102,8	91,4	-2,8 %
Kristiansund	5,0 %	-8,1 %	99,6	91,7	-0,9 %

God helse kan planleggjast



Foto: Terje Rakke

Susanne Moen Ouff og Randi Bergem

Sosial ulikskap i helse er ei utfordring, både med tanke på rettferdig fordeling av gode i samfunnet, og for utviklinga av velferdstilbodet i Noreg. Den sosiale ulikskapen i helse er systematisk og urettferdig fordelt, difor bør det gjerast noko for å redusere han. Ulikskap i helse har eit sosialt opphav og difor kan det gjerast noko for å redusere han. Som eit ledd i å legge til rette for heilskapeleg forankring av helseperspektiva i det kommunale plansystemet, tok Helsedirektoratet initiativ til utviklingsprosjektet Helse i plan. Gjennom deltaking i Helse i plan har Møre og Romsdal erkjent at folkehelse, og sosial ulikskap i helse, også er ei utfordring i eige fylke.

Større sosiale skilnader i helse

Dei fleste gruppene i samfunnet har fått betre helse i løpet av dei siste tretti åra. Men det er store skilnader mellom grupper, og skilnaden ser ut til å bli større. Dei som har høg utdanning og inntekt er friskare og lever lenger

enn dei som har låg utdanning og låg inntekt. Med utgangspunkt i denne utviklinga, er sosial ulikskap i helse eit nasjonalt satsingsområde, der målet er å redusere helseforskjellar. For å redusere sosial ulikskap i helse, må det arbeidast på mange område.

Utdanning og inntekt er variablar som har klar samanheng med helse. Difor er til dømes utdanningspolitikk, arbeidsmarknadstiltak og ungdomspolitik like viktig for å redusere sosial ulikskap i helse som tiltak retta mot fysisk aktivitet, rus og kosthald.

Kvifor er helseperspektiv i planlegginga viktig?

God samfunnsplanlegging og god kommuneplanlegging er å ta omsyn til at det er samanheng mellom fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle element og til at slike forhold påverkar helse. I folkehelsearbeidet trengst heilskapeleg, tverrfagleg og langsiktig arbeid i mange sektorar og på alle forvaltningsnivå. I denne samanhengen er helse i planlegginga ei føremålstenleg tilnærming.

Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova regulerer planlegging som aktivitet i kommunane. Lova gir kommunane rett til å forvalte arealbruken i kommunen. Samstundes slår lova fast at kommunane har plikt til å sikre demokratiske element i planlegginga, som openheit og deltaking. Kommunal planlegging handlar altså ikkje berre om detaljerte reguleringsplanar og sektoravhengige tema-planar, men i stor grad om overordna samfunnsplanlegging og strategiske avgjerder.

Ny plan- og bygningslov vart sett i verk i juli 2009, og inneheld nokre moment med særleg relevans for folkehelsearbeidet:

- Den langsiktige og overordna delen av kommuneplanen, utgjør **samfunnsdelen** av kommuneplanen, og han skal ha ein

Helse i plan

- Helse i plan er eitt av fleire tiltak Helsedirektoratet har sett i verk for å fremme folkehelsearbeid i kommunar og fylkeskommunar.
- Helse i plan har vore i gang sidan 2006 og vert, som prosjekt, avslutta i 2010.
- Åtte fylke og om lag 30 kommunar er med i arbeidet.
- Målet er å realisere nasjonale mål for folkehelse i lokalt arbeid, gjennom å forankre arbeidet i kommunane sitt planverk.
- Ny Plan- og bygningslov er eit viktig verkøy.
- Viktige verkemiddel i arbeidet med Helse i plan er organisering og samarbeid, politisk forankring, kompetansebygging og informasjonsspreiing.

svært sentral plass i det kommunale plansystemet. Samfunnsdelen skal vere ein styringsreiskap for å fremme meir sektorovergripande og heilskapeleg samfunnsutvikling.

- Forankring i samfunnsdelen føreset tverrpolitisk forankring, og tverrpolitisk forankring er nødvendig for stabilitet i folkehelsearbeidet, som er langsiktig arbeid.
- Gjennom forankring i samfunnsdelen vert dei overordna perspektiva i større grad tverrfaglege og tverrsektorielle, enn om helseperspektiva berre er sikra i tema- eller sektorplanar.

Kva skal til for å lukkast?

I følge plan- og bygningslova har kommunane eit særskilt ansvar for å drive samfunnsplanlegging, som in-

Folkehelsearbeid i Møre og Romsdal

- Møre og Romsdal har i sitt folkehelsearbeid valt å ha særleg fokus på kosthald, tobakksførebygging, rusførebygging, fysisk aktivitet og Helse i plan.
- På kvart område er det etablert arbeidsgrupper, som kan ha ulik samansetjing. I den regionale arbeidsgruppa for Helse i plan er helse- og sosialavdelinga, areal- og miljøvern-avdelinga, kulturavdeling og utdanningsavdelinga i fylkeskommunen representerte.
- Kommunar i Møre og Romsdal har mellom anna arbeidd med å sikre friluftsarreal, gangveggar, utvikle nærmiljøanlegg. Tiltak knytte til kosthald, ernæring og fysisk aktivitet i barnehagar og skular er andre døme på korleis kommunane arbeider for å redusere sosial ulikskap i helse.

kluderer folkehelsearbeid. Det medfører:

1. At det er viktig å gjere folkehelsearbeid til ein *kontinuerleg politisk prosess* for å påverke planlegginga i kommunen.
2. At *samfunnsplanlegginga i kommunane* må gjere folkehelsearbeidet til eit prioritert område, og at det føregår samarbeid mellom styringsnivåa (nasjonalt, regionalt, kommunalt/lokalt), og mellom sektorar (privat, offentlig og frivillig).
3. At samarbeidet mellom nivå og mellom sektorar må konkretiserast gjennom partnarskapsavtalar, der kommunen som organisasjon følgjer opp sin del av desse partnarskapa i *verksemdsplanlegginga* (økonomiplan, langtidsbudsjett, årsbudsjett m.m.)

Det må fokuserast på folkehelsekon-

sekvensar i all planlegging og saksbehandling, og leiarar i ulike etatar og resultatetningar må kvittere for folkehelseaktivitet. I alt planarbeid er følgjande spørsmål viktige:

- Korleis er samanhengen mellom planen/tiltak i planen og helse?
- Kva konsekvensar har planen/tiltak i planen for helse?

Langtids- og årsbudsjett (økonomiplan) er viktige styringsdokument i kommunane. Kommunen sin reelle vilje til satsing på folkehelse bør kome klart til syne i slike dokument, til dømes i form av prioritering av ressursar, samarbeid og arbeidsdeling. Dersom kommunane i Møre og Romsdal skal prioritere ressursar til folkehelsearbeidet, inneber det normalt å ta ressursar frå andre aktivitetar.

Tverrpolitisk semje om å prioritere folkehelsearbeid og å fokusere på helse i planlegginga er langt på veg ein føresetnad for at kommunar i Møre og Romsdal lukkast med folkehelsearbeidet. Arbeid for å betre folkehelsa er langsiktig og bør overleve uavhengig av politiske skifte i kommunane. Politiske organ som skal følgje opp gjenom vedtak, økonomiske løyvingar og tilrettelegging, må ha ambisjonar om å integrere helseperspektiv i all kommunal planlegging.

Folkehelsearbeidet må vere **forankra i kommuneorganisasjonen**. Å satse på helse i planlegginga inneber endringssprossar, nye samarbeidsstrukturar, ny kunnskap og læring for alle involverte aktørar. Arbeidet med folkehelse må formaliserast i organisasjonen, ikkje berre hos enkeltpersonar.

Erfaringar i Møre og Romsdal

Gjennom Helse i plan har både fylkeskommunen og deltakarkommunane i

Møre og Romsdal lukkast med å involvere planleggarar i spørsmål som gjeld helse. Blant planleggarar er det auka forståing for at arbeid med planar og innhaldet i planane har konsekvensar for helsetilstanden til innbyggjarane. Dei som arbeider på helsefeltet og folkehelsefeltet har fått meir kunnskap om kommuneplanlegging, og deltaking i Helse i plan har gitt dei tru på at dei er viktige medspelarar i planarbeidet i kommunane.

Kommunane har arbeidd målretta, både på systemnivå og med konkrete folkehelseiltak. Kommunane har lukkast med mykje, og to moment skal nemnast spesielt:

1. Etablering av rutinar for samarbeid mellom fagfolk innanfor folkehelsefeltet/helsefeltet og planleggarar i kommunane. I fleire tilfelle er det snakk om samarbeidsforum med faste møtetidspunkt.
2. Folkehelseperspektivet er tydeligare i dei kommuneplanane som er utarbeidd etter at arbeidet med Helse i plan starta.

Møre og Romsdal har altså, mellom anna gjennom fokus på helse i planlegginga, teke godt tak i utfordringane knytte til sosial ulikskap i helse.

Helse i plan i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal er ein av åtte fylkeskommunar som er med i Helse i plan. Arbeidet med Helse i plan er ein del av God Helse programmet i Møre og Romsdal.

Kommunane Haram, Rindal, Surnadal, Ulstein, Volda og Ålesund er med i prosjektet Helse i plan.

**Randi Bergem****Susanne Moen Ouff**

Randi Bergem er cand. polit og forskar ved Møreforskning Volda. Ho arbeider hovudsakleg med velferdsforskning knytt til psykisk helsevern, folkehelse, bustad-sosialt arbeid og organisering av helse-, omsorg- og sosialtenester. Utdanningsforskning utgjer også ein del av forskingsverksemda hennar.

Susanne Moen Ouff er forskar ved Møreforskning i Volda og er master i Samfunnsplanlegging og leing frå Høgskulen i Volda. Ho arbeider med prosessleing knytt til planlegging i offentlig verksemd, og driv forskingsarbeid innan felt som velferd og folkehelse, og deltaking og demokrati. Klima og miljø er også blant dei faglege interessene.

Kontakt:

Randi.Bergem@moreforsk.no
Susanne.Ouff@moreforsk.no

Sosial helseforskjellar

WHO meiner at sosiale forhold har stor betydning for sjansen menneske har til å halde seg friske. Faktorar som fattigdom, sosial ekskludering og diskriminering, dårlege hus, usunne forhold for spedbarn og låg yrkesstatus verkar inn på utvikling av sjukdom, dødsfall og ulikskap i helse, både mellom land og mellom grupper innanfor dei enkelte landa.

Invester i ungdommen!

Ingunn Bekken Sjøholm

UNG-undersøkingane stadfester to faktorar som skaper bulyst hos ungdom: Trivsel på heimplassen og medverking i ungdomsråd og elevråd.



Ei av dei største utfordringane i Møre og Romsdal er at ungdommane våre ikkje kjem heim att etter at dei har flytta ut for å ta utdanning. Dette er ei problemstilling fylkeskommunen har gripe fatt i gjennom satsingane Move to More og UNG.

UNG har fått utført to undersøkingar, ei i 2007 og ei i 2009, der m.a. medverking og bulyst er tema. Målgruppa var alle avgangselevar, samt vg2 elevar på yrkesfag ved dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal. Møreforskning Volda gjennomførte spørjeundersøkingane.

Trivsel gir ønske om framtid i fylket

Det er inga overraskning, men det er likevel viktig, at UNG-undersøkingane dokumenterer samanhengen mellom trivsel og bulyst. Vi stilte elevane følgjande spørsmål: "Kor sannsynleg er det at du bur i Møre og Romsdal om 10-15 år?" I 2009 svara 54 prosent av elevane at det er sannsynleg at dei bur i Møre og Romsdal om 10-15 år. I 2007 var dette resultatet 57 prosent.

I 2007 spurte vi også "Korleis trivst du i kommunen din?" Blant dei som trivst svært godt i heimkommunen sin er det 82 prosent som trur at dei bur i Møre og Romsdal i framtida. Blant dei som trivst svært dårleg i kommunen sin er det berre 28 prosent som ser det som sannsynleg at dei bur i fylket om 10-15 år. Samanhengen er tydeleg: Jo høgare trivsel, jo større er trua på at ein vil bu i fylket om 10-15 år.

Frå Ungdomspanelet i Møre og Romsdal
Foto: Arkivfoto Møre og Romsdal fylkeskommune

Ungdomsråda viktige, men lite kjent

I løpet av programperioden for UNG (2006-2009) har alle kommunane i Møre og Romsdal fått ungdomsråd. Dette skal vere eit medverkingsorgan for ungdom, eit forum der kommunen skal få vite kva ungdom meiner i ulike saker som gjeld utviklinga av lokalsamfunnet.

I UNG-undersøkinga har vi kartlagt kven det er som får høve til å delta i ungdomsråd, og om ungdom opplever at rådet faktisk har påverknadskraft.

I 2009 var det 8 prosent av elevane som svara at dei hadde vore med i ungdomsråd. Det er ingen forskjell mellom jenter og gutar. Det ser heller ikkje ut til å vere forskjell mellom dei som har valt studieførebuande fag og dei som går på yrkesfag. Det som derimot slår ut, er deltaking i bestemte fritidsaktivitetar. Dei som i dag er aktive innan idrett, miljøorganisasjon eller i speidar/4H, har i større grad vore med i ungdomsråd enn dei som ikkje er med på desse aktivitetane.

Den faktoren som slår klarast ut med omsyn til deltaking i ungdomsråd, er politisk engasjement. Ungdomsråd kan vere eit viktig middel for å auke ungdom si interesse for politisk deltaking. UNG-undersøkinga viser at 33 prosent av dei som no er politisk aktive, har vore med i ungdomsråd.

Skal ungdom la seg motivere for deltaking i ungdomsråd, må dei oppleve at ungdomsrådet har reell påverknad på kommunen sine prioriteringar. UNG-undersøkingane slår fast at dette langt frå er tilfelle. I 2009 svara 10 prosent av elevane i undersøkinga at

ungdomsrådet har stor eller nokså stor innverknad på politiske vedtak i kommunen. Her kan vi også konstatere ei negativ utvikling frå 2007. Då var denne delen 13 prosent.

Dette heng saman med at arbeidet til ungdomsråda er lite kjent. I 2009 svara 12 prosent at dei kjente godt eller nokså godt til det arbeidet ungdomsrådet gjer. Tilsvarende del i 2007 var 17 prosent. Det kan vere fleire forklaringsar på denne tilbakegangen. Ei er at nokre kommunar nett har fått starta opp sine ungdomsråd og ikkje har kome skikkeleg i gang. Ei anna forklaring er at arbeid med ungdomsråd har vorte nedprioritert i kommunane når økonomien har stramma seg til.

Dette er i så fall ei kortsiktig løysing for kommunen. Investering i arbeid med ungdomsrådet gir avkasting i form av auka bulyst hos framtidige innbyggjarar. I 2009 svara 62 prosent av dei som har vore med i ungdomsråd at det er sannsynleg at dei bur i Møre og Romsdal om 10-15 år. Tilsvarende del blant dei som ikkje har vore med er 53 prosent.

Elevrådsarbeid famnar mange

Elevråd viser seg i undersøkinga å vere ein læringsarena for medverknad som relativt mange får erfaring frå. Rundt 40 prosent av dei som svara hadde vore med i elevråd, anten på ungdomsskolen eller på vidaregåande skole. Det er like mange jenter som gutar som får prøve seg i den rolla.

*Ungdomspanelet er ungdomens talerøyr til fylkespolitikarane i Møre og Romsdal. Ida Andrine Heggset er leiar i Ungdomspanelet.
Foto: Erik Hattrem*

På same måte som for ungdomsråd, er det ein tydeleg samanheng mellom deltaking i elevråd og deltaking i ein politisk ungdomsorganisasjon. 81 prosent av dei som er med i politisk arbeid har erfaring frå elevråd.

Trass i den viktige funksjonen elevråd har som arena for læring av demokratiske prosessar, tydar undersøkinga på at mange elevar ikkje oppfattar elevrådet som noko viktig påverknadsorgan. I 2009 var det 24 prosent som svara at elevrådet hadde stor eller nokså stor innverknad på det som skjer på skolen.

Dette kan skuldast at det arbeidet som elevrådet gjer også er lite kjent. Berre 27 prosent svarar at dei kjenner godt eller nokså godt til det arbeidet elevrådet gjer.

Deltaking i elevråd har på same måte som deltaking i ungdomsråd ein positiv samanheng med bulyst. 67 prosent

av dei som har vore elevrådsrepresentantar både på ungdomsskolen og på vidaregåande, ser det som sannsynleg at dei bur i Møre og Romsdal om 10-15 år. Blant dei som aldri har vore med i elevråd er denne delen 50 prosent (2009-undersøkinga).

Ei god investering

Både kommunar og skuleeigarar må vere medvetne den mulegheita dei har til å påverke bulyst hos ungdom. Gjennom å leggje til rette for ungdomar sin trivsel og medverking, vil vi gjere kommunen/fylket meir attraktiv for tilflytting om 10-15 år. Vi må byggje "eigarskap" til heimkommunen og heimfylket. Ein viktig "byggestein" er å prioritere og gjere meir kjent det arbeidet som blir gjort i ungdomsråd og elevråd.

Meir informasjon om UNG-undersøkingane finn du på UNGweb.no



Ingunn Bekken Sjøholm

er cand.polit. med hovudfag i statsvitenskap. Ho er seksjonsleiar i administrasjonsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune. Ho var fylkeskommunen sin kontaktperson for gjennomføring av UNG-undersøkingane i 2007 og 2009. Før ho starta i fylkeskommunen i 2005 var ho prosjektleiar i offentleg avdeling i Norsk Gallup Institutt, der ho hadde ansvar for evalueringar og brukarundersøkingar av ulike offentlege verksemdar.

Kontakt:

ingunn.bekken.sjoholm@mrfylke.no



Likestilling – utfordringer og muligheter?



Marte Hanche-Dalseth

De minst likestilte kvinnene og mennene i Norge befinner seg i kommuner i Møre og Romsdal. Målt i antall kommuner med minst kjønnslikestilling finner vi Møre og Romsdal på bunnlaget. Hele 21 av fylkets 36 kommuner har lav grad av likestilling.

Likestillingens regionale mønster
Møre og Romsdal har i perioden 1999-2008 kommet svært dårlig ut på SSBs likestillingsindeks. I regionen er det i perioden særlige utfordringer med færre kvinner i forhold til menn og lønnsforskjeller mellom kjønnene. Likestillingsutfordringene utkrystalliserer seg som et mønster i Møre og Romsdal i perioden.

Likestillingsindeksen har vært gjenstand for problematisering knyttet til om den måler likestilling. I 2009 ble det lansert en forbedret indeks, som måler offentlig tilrettelegging knyttet til;

- barnehagedekning
 - næringsstruktur
 - utdanningsmønster
- men også tidsbruk og fordeling knyttet til;
- arbeid og omsorg
 - individuelle ressurser og innflytelse
 - politisk deltakelse
 - inntekt

En har ikke samme grad og type likestilling i nord, sør, øst og vest i landet. Om en kategoriserer kommunene i fire ulike kategorier, så viser likestillingen

*Statue av klippfiskkjerringa i Kristiansund
Foto: Terje Rakke*

regionale mønster. Møre og Romsdal og Agder-fylkene har tradisjonelt skåret lavt på likestilling (1999-2008), men den lave graden av likestillingen har forskjøvet seg noe mer vestover enn tidligere. I Agder, Hordaland, Rogaland og Møre og Romsdal finner vi hele 63 av de 106 minst likestilte kommunene, og kun ni av de mest likestilte. Møre og Romsdal bidrar sterkt til den lave graden av likestilling på Vestlandet med 21 kommuner som kategoriseres til lav grad av likestilling. De fleste kommunene med høyest grad av likestilling finner vi på Østlandet, i Sogn og Fjordane og Troms/Finmark.

Kjønnssegregert næringsstruktur, lønnsforskjeller og ulikt fordelt deltidsarbeid

Møre og Romsdal har noe høyere grad av likestilling i 2009 enn tidligere år. Enkeltkommuner kommer bedre ut og bidrar til at fylket oppnår høyere grad av likestilling. Møre og Romsdal er likevel på bunnlaget. Lønnsforskjeller er en særlig utfordring i Møre og Romsdal, og kystkommunene har de største lønnsforskjellene mellom kvinner og menn. Videre har Møre og Romsdal en kjønnssegregert næringsstruktur, hvor menn dominerer i privat sektor og kvinner i offentlig sektor. Det er også en forholdsvis høy

differanse mellom antall kvinner og menn i deltidsstillinger i fylket.

Hva skyldes likestillingsutfordringene?

Møre og Romsdals likestillingsutfordringer er interessante sett i forhold til andre fylker. I kampen mot sentralisering og fraflytting, og i kampen for arbeidskraft, kompetanse og "de beste hodene", utgjør likestilling et konkurransefortrinn. Likestilling handler om både institusjonelle og strukturelle rammer og kvinner og menns lokale tilpasninger. Forenklet




kan en knytte likestilling til lokale og regionale muligheter for begge kjønn, historiske og kulturelle påvirkninger og personlige valg.

Det finnes lite kunnskap om årsak og virkningssammenhenger knyttet til Møre og Romsdals likestillingsutfordringer. Agderfylkene har imidlertid arbeidet systematisk med likestillingsutfordringene til regionen. Om en skal trekke på erfaringene fra Agder i å forklare Møre og Romsdals utfordringer, kan flere problemstillinger tenkes aktuelle for vår region. Den enkleste og mest klare funnet fra Agder er imidlertid hvordan holdninger og handlinger henger sammen. Det kan tenkes flere årsaker til hvorfor Møre og Romsdal skårer lavt på indeksen for kjønnslikestilling.

Arbeidsmarkedet og næringslivet i Møre og Romsdal speiler i større grad enn mange andre fylker en næringsstruktur preget av produksjonsnæringene. Et kystfylke med en sterk marin og maritim sektor har også bidratt til å forsterke tradisjonelle kjønnsroller historisk og kulturelt. Historisk har mange menn hatt arbeidssted på sjøen og vært borte i lange perioder. Dette har krevd at kvinner har tatt hovedansvar for barn og hjem, og har av praktiske og økonomiske årsaker ikke krevd en like sterk arbeidstilknytning for kvinner. Kulturelt har dette i større grad formet lokalsamfunn og arbeids- og næringsliv av og for menn. Historiske og kulturelle faktorer som kan være med å påvirke kvinner og menns lokale tilpasninger, som arbeidsdeltakelse, grad av deltidsarbeid, fordeling av omsorg for barn, andel med høyere utdanning, andel kvinnelige ledere, andel kvinnelige kommunestyrerepresentanter og lønnsfordeling, bidrar til lav likestilling i fylket. Det

Likestilte samfunn i betydningen like og reelle valgmuligheter for begge kjønn knytter bolyst til mangfoldige og åpne samfunn. Foto: ScanStockPhoto






Foto: ScanStockPhoto

er ikke utenkelig at dette også bidrar til en kulturell reproduksjon av tradisjonelle kjønnsroller i nye generasjoner.

Møre og Romsdal er også det fylket der tettheten av akademikere er lavest i hele landet. Sentraliseringen er en utfordring også i Møre og Romsdal. Stadig flere tar høyere utdanning, og kvinner i større grad enn menn. Et fylke med ensidig næringsliv og lite kompetansearbeidsplasser blir slik et mindre attraktivt bosettingsalternativ for kvinner enn menn gitt de kjønns-segregerte utdannings- og arbeidslivsvalgene kvinner og menn tar. Mange kommuner er ikke reelle bosettingsalternativ for høyt utdannede, og da i mindre grad for kvinner enn menn. Som et resultat av dette får en ulikevekt av kvinner og menn i enkelte kommuner og næringer, med negative konsekvenser for den sosiale, økonomiske og reproduktive utviklingen lokalt og regionalt.

Utfordringer som muligheter

Indikatorer for kjønnslikestilling er viktige premisser og samfunns mål for regional utvikling. Manglende likestilling vil kunne hindre samfunnsutviklingen i regionen og bidra til manglende bolyst, fraflytting, et mindre konkurransedyktig arbeids- og næringsliv, svekket kompetanseutvik-

ling, manglende demokratiutvikling, maktforskjeller, og forskjeller i inntekt, levekår og livskvalitet.

Det er behov for et økt fokus på de samfunnsmessige konsekvensene av manglende likestilling i regionen. Regionens likestillingsutfordringer vil være et viktig virkemiddel for regional utvikling. Vi kan snakke om push og pull faktorer, faktorer som skyver en vekk fra et samfunn og faktorer som trekker en til et samfunn. Attraktive og levedyktige samfunn gir bolyst. De strukturelle og institusjonelle rammene i et samfunn former også kulturen og individene som bor der. Likestilte samfunn i betydningen like og reelle valgmuligheter for begge kjønn knytter bolyst til mangfoldige og åpne samfunn.

I den grad det er forskjeller i kjønnslikestillingen mellom kommuner, fylker og regioner så er dette et viktig samfunns mål knyttet til om en har en bærekraftig samfunnsutvikling. Kjønnslikestilling er i regional utvikling et spørsmål om hvordan en klarer å bruke tilgjengelige menneskelige ressurser til det beste for regionen. I forlengelsen innvirker dette på et samfunn sin konkurransevne om å trekke til seg arbeidskraft og kompetanse, og et arbeids- og næringsliv som bidrar til utviklingen av levedyktige samfunn. En regions bærekraftige utvikling er ikke mer enn summen av de enkelte samfunn. Likestilte kommuner er med andre ord en investering i regionens fremtid.

Indeks for kjønnslikestilling

En indeks er et samle mål som forenkler data og gjør det lettere å sammenligne kommuner. Ved å inkludere flere indikatorer dekker indeksen flere dimensjoner ved likestillingssituasjonen mellom kvinner og menn i kommunene. Hver kommune får en skår som varierer fra 0,0 (maks ulikestilling) til 1,0 (maks likestilling) på hver indikator. Dette slås sammen til en samleskår, slik at man kan si noe om grad av likestilling i en kommune.

Statistisk Sentralbyrås indeks for kjønnslikestilling (2009) deler kommunene i fire grupper, etter hvor likestilte de er, det vil si hvor stor eller liten forskjell det er mellom kvinner og menn i kommunen på en rekke levekårsområder det finnes statistikk om:

1. *Høyest grad av likestilling* (i 2009 gjelder dette 108 kommuner med en skår som varierer fra 0,696 til 0,776)
2. *Nest høyest grad* (i 2009 gjelder dette 109 kommuner med en skår som varierer fra 0,671 til 0,695)
3. *Nest lavest grad* (i 2009 gjelder dette 107 kommuner med en skår som varierer fra 0,641 til 0,670)
4. *Lavest grad* (i 2009 gjelder dette 106 kommuner med en skår som varierer fra 0,538 til 0,640)

Hva er kjønnslikestilling?

Statistisk Sentralbyrå definerer kjønnslikestilling som likestilling mellom kvinner og menn, altså det som tradisjonelt har vært definisjonen på det mer generelle begrepet likestilling. Begrepet kjønnslikestilling tas i bruk her for å skille det fra likestilling basert på andre grupperinger som ulike etniske grupper, personer med ulik funksjonsevne og personer med ulik seksuell orientering.



Marte Hanche-Dalseth er samfunnsvitar og forskar ved Møreforskning Volda. Ho arbeider i hovudsak med forskingsprosjekt innanfor velferdsområdet, og særleg med problemstillingar som på ulike måtar omfattar inkluderings- og marginaliseringsprosessar. Hanche-Dalseth har særleg kompetanse på offentleg organisering og planlegging. Sentrale forskingsfelt er inkludering og marginalisering, det fleirkulturelle samfunnet, sosial ulikskap, likestilling, psykisk helsevern, lokal og regional utvikling.

Kontakt: mhd@moreforsk.no

100 meter og andre strandsonetal



Strandsona kan også vere vakker om vinteret, her frå Hustad i Fræna kommune
Foto: Jostein Fuglset

Johnny Loen

Strandsona har eit særskilt vern i lovverket. Hundremetersbeltet langs sjøen målt i horisontalplanet, er med visse unntak å sjå som byggjeforbodssone. I kystlandet Noreg går likevel svært mykje av aktiviteten føre seg nettopp i hundremetersbeltet. Av dette følgjer også konkurranse om areala og konflikhtar mellom ulike brukarinteresser eller med strandsonenaturen.

Både naturtilhøva og den menneskeskapte situasjonen varierer mykje langs kysten. Stortinget har derfor opna for differensiert strandsoneforvaltning. Men dette stiller krav om kunnskap. Korleis er eigentleg stoda for strandsona i Møre og Romsdal? Ein skal ikkje forske lenge før ein finn god grunn til å setje lys på variasjonsbreidda, på dei ulike brukarinteressene og på strandsonenaturen i fylket vårt

Strandsonevernet

Strandsonevernet har fleire føremål. Både natur-, kultur- og friluftsiinteresser skal ivaretakast saman med omsynet til landskapsverdiane. Det er likevel særskilt viktig å vere merksam på at hovudføremålet med vernet er å sikre desse ressursane for ålmenta (plan- og bygningslova § 1-8). Gjennom lov er det med andre ord avgjort at dei private interessene i strandsona i større grad enn andre stader må vike for ålmenta sine interesser.



Topografi ein heilt sentral variabel. På mange vis kan ein hevde at tilgjengeleg topografi medverkar til å sikre naturverdiar mot menneskelege inngrep. Men det er svært viktig at også meir tilgjengelege område kan ha naturkvalitetar som må takast i vare for å sikre variasjonsbreidda i naturen. Nokre få av desse er allereie verna i medhald av naturvernlova. I det øvrige naturarealet kan naturinteressene til ei viss utstrekning sameinast med tradisjonelle friluftsiinteresser.

Kulturinteressene i strandsona finst der det allereie er gjort menneskelege inngrep. Også desse kan i stor utstrekning sameinast med friluftsiinteressene. Tilbake står då det heilt sentrale spørsmålet om kva areal ein kan rekne som tilgjengeleg for ålmenta sitt friluftsliv.

Myten om rikeleg med plass

I følge Statens kartverk har Møre og Romsdal nesten 7 800 km kystlinje. Dette er meir enn 9 prosent av landets kystlinje, berre Nordland og Hordaland har meir. Mykje av kystlinja ligg likevel på mindre og lite tilgjengelege øyar, holmar og skjær, med avgrensa landområde innanfor.

Statistisk sentralbyrå (SSB) har eit noko anna utgangspunkt og har rekna strandsonereale på fastlandet og øyar som er kommunikasjonsmessig tilgjengeleg. Dei finn at det i Møre og Romsdal er 404,2 km² areal i hundremetersbeltet; 404 231 daa. Dette tilsvarer 1,61 daa pr innbyggjar i fylket.



Totaltallet fortel oss likevel lite, for innanfor dette arealet skal alle menneskelege gjeremål i strandsona finne stad, i tillegg til at ein skal ivareta strandsonenaturen. Og som nemnt ovanfor er topografien ein naturgitt variabel som i stor grad er avgrensande



for kva bruk som er aktuell. SSB har derfor også rekna kva del av strandsona som har hellingsgrad slik at arealet kan bli rekna som attraktivt for opphald, likeeis på kva del av strandsona som er bygningspåverka eller "okkupert" av innmark eller veg. Til

bygningar her er ikkje rekna naust og uthus. Til gjengjeld er det rekna 50 m påverka sone kring andre bygningar og 7,5 m sone frå midtlinje av hovudveggar. Samla for fylket er tilgjengeleg areal etter dette 81 145 daa, altså berre 20 prosent av totalarealet og 0,32 daa pr innbyggjar. Det er svært stor variasjon mellom kommunane, noko som kjem fram av tabellane til venstre.

som ein ser langs Skagerrak-kysten.

Kartlegging i strandsona

"Tilgjengeleg" betyr ikkje berre at området er fysisk tilkomeleg. Ulike eigenskapar gjer i ulik grad areala eigna og attraktive. Av naturgitte eigenskapar nemner vi til dømes solriksdom, substrat (fjell eller lausmasse), vegetasjon, væreksponeering, vassdjupne.



"Møre er ikkje Oslofjorden"? Nei, men for samanlikninga har vi lagt inn tilsvarende verdiar frå nokre kommunar sørpå. SSB sine tal viser at forskjelen er mindre enn ein liker å tru. Sjølv om årsakene som ligg bakom tala kan vere ulike er det ein myte at vi har meir enn nok strandsonareal. Her må vi vere føre var. Det kan ikkje vere noko mål å arbeide seg inn i dei same problema

"Tilgjengeleg" er heller ikkje berre det same som "tilrettelagt". Verdien av naturleg landskap utan inngrep er viktig både for friluftslivet og naturmangfaldet. Opparbeiding er likevel nødvendig og ønskeleg nokre stader. Ei rekkje andre menneskeskapte eigenskapar påverkar også attraktiviteten, slik som grad av forureining, støy, avstand til busetnadskonsentrasjo-

nar, veg eller kollektivtransport, ulike inngrep i utsynet frå staden. Herunder kan ein også rekne kulturkvalitetane, som knyter band bakover i tid, og som kan medverke positivt til identitet og sjølvkjensle.

Alle slike eigenskaper kan festast til kart. Samla vil det gi eit betre bilete av den faktiske situasjonen, både på ein skilde punkt og på ei samla strandstrekning. Det er dette arbeidet vi så vidt har sett i gang. Med utgangspunkt i data frå Statens Kartverk og SSB kan utarbeidast illustrative kart, her vist for delar av Aure og Sykkylven.

Dei to kartutsnitte tek berre for seg enkle eigenskapar. Her er hellingsgrad målt i kvadrat på 25 x 25 m². Veg og bygningar er trekt frå med ei sone på 30 m ikring. I tillegg er trekt frå industriareal og kaier, samt landbrukssareal. Premissa er med andre ord noko annleis enn i tabell, men i stor skala er biletet det same; variasjonen er stor, men strandsona er generelt meir prega av inngrep enn vi liker å tru, i det minste den delen som topografisk er attraktiv for ålment friluftsliv.

Stortinget si opning for differensiert strandsoneforvaltning stiller krav til kommunane om ei betre grunnlegg og meir prinsipiell tilnærming til arealforvaltninga, der perspektiva er større enn den ein skilde saken eller søknaden. Dette fordrar i neste omgang betre kunnskap om dei faktiske tilhøva. På sikt kan det bli tale om å vidareutvikle dei enkle skissene vi har vist her, og med dette gi eit betre avgjerdsgrunnlag både i den langsiktige planlegginga og i ein skildsaker.



Fleire kommunar har lagt til rette for turar i naturen, her frå Kyststien som går i strandsona i Bud, Fræna kommune

Foto: Jostein Fuglset



Johnny Loen er cand.scient. med hovudfag i terrestrisk økologi og tilleggsutdanning i samfunnsøkonomi og planlegging. Han har arbeidd i fylkeskommunen sidan 1998 og er no plansamordnar. Han har lang erfaring frå miljøvernarbeid i skjeringpunktet med kommunal og regional planlegging, og har ein periode også arbeidd med kommunal næringsutvikling.

Kontakt: Johnny.Loan@mrfylke.no



Møre og Romsdal fylkeskommune

Plan- og analyseavdelinga
Fylkeshuset, 6404 Molde

Telefon: 71 25 80 00
Fax: 71 25 87 21

E.post: post@mrfylke.no
Web: www.mrfylke.no

Møreforskning AS

Postboks 325
6101 Volda

Telefon: 70 07 52 00
Fax: 71 07 52 01

E.post: moreforskning@moreforsk.no
Web: www.moreforsk.no